

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2015	Formannskapet i Radøy	PS	05.11.2015
062/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	10.12.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	15/1626	15/9706

Kostnader stabilisering Manger kyrkje

Saksopplysingar:

Det er gjennomført tilbuds konkurranse for arbeida med stabilisering av Manger kyrkje. Av påmelde firma vart 2 prekvalifiserte og innan fristen kom det inn 1 tilbod. Med bakgrunn i den store skilnaden mellom det innkomne tilbodet og vedtatt budsjett ramme, vil Radøy sokn avventa eventuell tildeling av kontrakten.

Basert på innkomne tilbod, inkludert kostnader til prosjektering og uforutsette utgifter, er samla kostnadsramme for prosjektet estimert til kr 7 500 000,- mot ei kostnadsramme på kr 3 250 000,- i vedtatte budsjett ramme for 2015.

Årsaka til dette er at ein har måtta velja ei anna løysing enn den som i første omgang var tenkt:

- Minska loddavviket ved å dra/trekkja kyrkja tilbake for så å avstiva og stabilisera bygget: Det er stor risiko for skader ved opprettinga og det var ikkje mogleg å få ein garanti eller forsikring på denne løysinga – sjå vedlegde rapport frå Multiconsult.
- Avstiva og stabilisera kyrkja slik den står i dag: Dette er den løysinga Multiconsult tilrår og kan gje dokumentasjon på og som er innhenta pris på. Løysinga er meir omfattande – sjå vedlagt rapport frå Multiconsult.

Vurdering

Vedlagde rapportar konkluderer med at kyrkja er for dårleg avstiva og det hastar med å gjera tiltak for å stoppa utviklinga. Det er allereie knytt usikkerheit til bruk av bygget både for tilsette og publikum. Radøy sokn er opptatt av at tryggleiken må koma først, og Radøy sokn har iverksett delvis stenging av bygget. Dersom ein ikkje vel å stabilisera kyrkja, må Radøy sokn fortløpande vurdere kor vidt kyrkja fullt ut må stengast grunna denne usikkerheita.

Vidare framdrift i prosjektet krev politisk godkjenning med ei utvida kostnadsramme til kr. 7 500 000,-.

Rådmannen gir uttrykk for bekymring over den store skilnaden mellom forventna kostnad og innkomne tilbod. Årsaka er at ein har måtta velja ei anna og dyrare løysing som det kan gjevast

dokumentasjon og garanti på.

Avstiving og stabilisering av kyrkja er naudsynte tiltak. Bygget er kommunen sitt økonomiske ansvar. Kyrkja er eit viktig samlepunkt for kommunen, og har stor kulturminneverdi både lokalt og regionalt.

Administrasjonen har vore i kontakt med Radøy sokn om alternative måtar å delvis finansiera avstivinga av kyrkja. Tilbakemeldinga er at soknet har freista dette, men at ein ikkje har lykkast.

Konklusjon

Vidare framdrift i prosjektet krev politisk godkjenning og ei utvida ramme til kr 7 500 000. Det er usikkert om arbeid med å stabilisera kyrkja kan koma i gang i 2015, og løyvinga i investeringsbudsjettet for inneverande år på 3.250.000 må derfor sannsynlegvis løyvast på nytt saman med kostnadsauken som no er avdekket. Løyvinga i investeringsbudsjett for 2016 vert då kr 7 500 000.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samla kostnadsramme på kr 7 500 000 for stabilisering av Manger kyrkje vert godkjent. Beløpet vert løyvd i investeringsbudsjettet for 2016.

Formannskapet i Radøy - 080/2015

FS - handsaming:

Ordføraren stilte spørsmål ved om det er rett at kommunen skal ta heile kostnaden med å stabilisera kyrkja. Han meiner det også må vera eit ansvar som påkviklar Riksantikvaren, ettersom Manger kyrkje står på lista over verneverdige bygg.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner kommunen må reagera på at kommunen ikkje har i utsikt til å få noko statleg tilskot til dette arbeidet. Ordføraren meiner det er på sin plass å skriva eit brev til Riksantikvaren, noko formannskapet slutta seg til.

Prosjektleder Tore Rikstad informerte om at kommunen også må ut med minst 100.000 kroner til utgravingar under kyrkjebygget i samband med restaureringsarbeidet. Det vart uttrykt frustrasjon i formannskapet over at Riksantikvaren pålegg kommunen å dekkja denne kostnaden.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Samla kostnadsramme på kr 7 500 000 for stabilisering av Manger kyrkje vert godkjent. Beløpet vert løyvd i investeringsbudsjettet for 2016.

Kommunestyret i Radøy - 062/2015

KS - handsaming:

Frå fleire hald kom det kritiske kommentarar til at kommunen må dekkja heile kostnaden på 7,5 mill.

kroner med stabilisering av Manger kyrkje. Morgan Taule (Ap) og Dag Sætre (Sp) er sterkt usamde i at kommunen skal ha ansvar for gamle verneverdige kyrkjebygg, og røysta mot formannskapet si tilråding.

Vidar Grindheim (H) oppmodar administrasjonen om å vurdere alternative løysingar for å sikra kyrkjebygget, evt også vurdere eit tilbygg som kan vera med å stabilisera kyrkja.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding mot to røyster (Morgan Taule, Ap, Dag Sætre, Sp)

KS - vedtak:

Samla kostnadsramme på kr 7 500 000 for stabilisering av Manger kyrkje vert godkjent. Beløpet vert løyvd i investeringsbudsjettet for 2016.

Vedlegg:

Manger kyrkje rapport

Manger kyrkje befaring 06.03.14 Gamle Hus

Rapport Manger 18.12.2014

Notat-Mangerkirke-Anbefalt-vindstyrke-før-forsterkning

Manger kyrkje - Radøy sokn